

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår til omlegging av luftleidninga 300 kV Fana - Litlesotra og 132 kV Breivik - Litlesotra til kabel.
2. Terrenget ved tunnelportal ved nybygd gang- og sykkelveg i Dronningsvikveien må setjast i stand ved m.a. bruk av naturstein.
3. Fjellformasjonar i portalområdet i Knarrvika må bevarast i størst grad slik at landskapet kan setjast i stand med mest mogleg naturlege terrenghformasjonar bevart etter anleggsperioden.
4. Området rundt tunnelportalen ved Arefjordpollen må setjast i stand med muring og reetablering av vegetasjon.
5. NVE må stilla krav om massehandteringsplan der kortreist klima- og ressursvenleg bruk av massane vert prioritert.
6. I Arefjordpollen er det kjent fem automatisk freda kulturminne nær søkt kabeltrasé. Det må takast omsyn til dei automatisk freda kulturminna ved gjennomføring av tiltak, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Hordaland fylkeskommune ber tiltakshavar gje melding til fylkeskommunen ved kultur- og idrettsavdelinga seinast 2 veker før start av anleggarbeid ved Arefjordpollen slik at kulturminna kan merkast i terrenget.